



Asle Romarheim
Fløsvikvegen 62
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/1809 - 21/13079

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
25.02.2021

Løyve til utslepp av avløpsvatn frå basseng - gbnr 195/252 Leiknes

Administrativt vedtak: **Saknr: 277/21**
Byggestad: Gbnr: 195/252
Tiltakshavar: Asle Romarheim
Ansvarleg søkjar: Romarheim Entreprenør AS
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

VEDTAK

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for basseng på gbnr. 195/252 Leiknes Hundvin på følgjande vilkår:

1. Utsleppsløyve vert gjeve for avløpsvatn frå symjebasseng med storleik på om lag 45 m³.
2. Reinsa bassengvatn skal førast fram til privat drensleidning og vidare til drenerande massar på eigen eigedom.
3. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstillast krav i Forskrift om begrensning av forurensing, § 12-7.
4. Tiltaket er søknadspiktig etter Plan- og bygningslova. Søknad om løyve til tiltak må sendast inn av kvalifisert føretak og godkjennast før arbeidet kan setjast i gang.

Saka gjeld

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for basseng på gbnr. 195/252 Leiknes

I søknaden er det opplyst at utslepp av reinsa bassengvatn vert ført fram til privat drensleidning og vidare til drenerande massar på eigen eigedom gbnr. 192/252.

Det vert elles vist til søknad mottatt 22.02.2021.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Fløsvika er definert som område for frittliggjande småhus.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2. Nabovarslinga er gjort i samband med søknad om løyve til å etablera basseng på eigedomen. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Uttale frå anna styresmakt

Saka er sendt på høyring til VA-avdelinga i Alver kommune i e-post 08.02.2021.

Det ligg føre uttale frå VA-avdelinga datert 08.02.2021. VA-avdelinga har ingen merknad til utsleppsløysinga.

Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart datert 03.12.2020.

VURDERING

Søknaden om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast med utslepp til privat drensleidning og vidare til drenerande massar på eigen eigedom.

Godkjenning etter andre lovverk

Før arbeidet med etablering av anlegget kan setjast i verk må det søkjast om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova. Både søknadsprosess og utføring må takast i vare av eit kvalifisert føretak som kan godkjennast som ansvarshavande innafør ansvarsområdet ansvarleg søkjer, ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande

Søknad om løyve til etablering av basseng og avløpsanlegg etter plan- og bygningslova vert handsama i eige vedtak i saksnr. 20/19182.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner,

gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utslippet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslipp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utslippet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utslippsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/1809

Med vennleg helsing
Alver kommune

Siril Therese Sylta
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Asle Romarheim	Fløsvikvegen 62	5915
Ragnhild Minde Romarheim	Fløsvikvegen 62	5915
Romarheim Entreprenør AS	Alvervegen 25	5911

HJELMÅS
HJELMÅS
ALVERSUND